

Tariffpolitisk program

Norsk Lektorlag si viktigaste oppgåve er å arbeide for å betre lønns- og arbeidsvilkåra til medlemmene. Tariffpolitisk program er delt inn i tre hovudmål med tilhøyrande verkemiddel: «Høg kompetanse skal lønne seg», «Fornuftig og fleksibel arbeidstid» og «Reell medrårderett».

Det første hovudmålet handlar om lønn og at styresmaktene og arbeidsgivar må setje ein pris på høg fagleg kompetanse, og at vi må ha system som fungerer på best mogleg måte. Det andre hovudmålet handlar om arbeidstid, som er heilt sentralt for yrkesutøvinga til lektorane. Undervisningspersonalet har ei eiga arbeidstidsordning som først og fremst må leggje til rette for best mogleg undervisning. Det siste målet handlar om å vareta sentralt og lokalt partssamarbeid for våre tillitsvalde for å få den beste skulen.

Mål 1: Høg kompetanse skal lønne seg

Verkemiddel 1: Lønnsforhandlingar nær dei det gjeld

For å gi lektorane ei anstendig lønnsutvikling og for å rekruttere og behalde høgt utdanna undervisningspersonale meiner Norsk Lektorlag det er nødvendig å ta i bruk andre verkemiddel enn sentrale forhandlingar. Å bruke lønn på ein treffsikker måte via kollektive lokale lønnsforhandlingar vil bidra til å rekruttere og behalde lektorar. Dette vil gi ein betre skule.

Norsk Lektorlag meiner:

- 1.1 Medlemmene i Norsk Lektorlag må ha eit lønnssystem med kollektive lokale forhandlingar, som andre kommunalt tilsette med tilsvarende utdanningsnivå.
- 1.2 Kollektive lokale lønnsforhandlingar skal ha desse kjenneteikna:
 - Forhandlingane er frie og lokale, utan sentrale føringar. Det skal takast omsyn til ein total situasjon, både økonomien og behova til fylkeskommunen/kommunen og andre samanliknbare tariffområde.
 - Partane blir samde om objektive og føreseielege kriterium som tek utgangspunkt i den lokale lønnspolitikken. Lønnspolitikken og kriteria skal vere kjende i god tid for alle for å bidra til å gi ei retning og lønnsutvikling på både lang og kort sikt – dette er arbeidsgivaren sitt ansvar.
 - Kriteria bør leggje til rette for å rekruttere og behalde arbeidskraft med rett kompetanse.
 - Partane lokalt forhandlar om den økonomiske ramma. Det er ingen sentralt gitt pott, slik dagens lokale lønnsforhandlingar i skulesektoren har.

Verkemiddel 2: Heve lektorlønna i noverande system

Høg fagleg kompetanse og utdanning skal lønne seg når du jobbar med undervisning. Lønnsnivået til lektorane skal spegle dette. Inntil vi får til ei systemendring, må lektorlønna hevast i dagens system.

Norsk Lektorlag meiner:

- 2.1 Medlemmene i Norsk Lektorlag må sikrast høgare lønn og betre lønnsutvikling gjennom heile karrieren.
- 2.2 Lønna til lektorane skal konkurrere med stillingar som har samanliknbart utdanningsnivå, i både offentleg og privat sektor.
- 2.3 Moglegheitene må betrast for å gjennomføre særskilde forhandlingar, til dømes i samband med kompetanseheving eller for å rekruttere og behalde arbeidskraft.
- 2.4 Lønn må brukast aktivt som verkemiddel ved tilsetjingsprosessar og i samband med karriereutvikling.

Verkemiddel 3: Karriere i klasserommet

Lektorar som ønskjer ei karriereutvikling, har i dag få høve til dette utan å gå inn i eit anna yrke eller skuleleing og dermed forlate klasserommet. Det må vere mogleg å streve etter ein karriere og framleis undervise.

Norsk Lektorlag meiner:

- 3.1 Det må utviklast karrieremoglegheiter for lektorar som vil halde fram med å undervise.
- 3.2 Rettleiaroppdrag må bli gitt til lektorar med relevant kompetanse og kompenserast deretter.
- 3.3 Sentralt bestemde system for karrierevegar må framheve fagleg kompetanse og erfaring. Både kompetanseheving og kompetanse som ein har med seg, må følgjast av lønnsmidlar.
- 3.4 Det må utviklast rammer for at lektorar kan vidareutdanne seg og ta ein doktorgrad.
- 3.5 Kollektive lokale forhandlingar er viktige for å utvikle lokale karrieremoglegheiter og behalde lektorar i klasserommet.
- 3.6 Pensjonssystemet og arbeidsvilkår skal gjere det attraktivt å stå lenge i klasserommet.

Verkemiddel 4: Behalde lektortittelen

Lektortittelen har lange tradisjonar og er tett knytt til universiteta sine disiplinfag og undervisning hos dei eldste elevane. Lektortittelen har ved fleire høve vore under press.

Norsk Lektorlag meiner:

- 4.1 Lektortittelen må behaldast som i dag for lærarar med hovudfag/mastergrad og PPU eller mastergrad frå dei integrerte lektorprogramma.
- 4.2 Det må opprettast ein eigen tittel og stillingskode for lektorar med doktorgrad eller tilsvarende akademisk arbeid.

Verkemiddel 5: Auka lønn for meir ansvar og fleire oppgåver

Medlemmene våre opplever at dei får stadig fleire oppgåver som ikkje blir godt nok kompenserte, og at det er for lite fagleg leiing i skulen.

Norsk Lektorlag meiner:

- 5.1 Kompensasjonen for kontaktlærarar må hevast utan at det blir lagt til fleire oppgåver.
- 5.2 Fagspesifikke funksjonar som sikrar eit sterkt fagmiljø på skulen, må kompenserast.
- 5.3 Deltaking på skuleturar må kompenserast tilstrekkeleg og etter gjeldande tariffavtalar.

Verkemiddel 6: Betre honorar for sensoroppdrag

Sensorarbeid er vesentleg for vurderingsarbeidet og eit viktig bidrag for å halde oppe eit høgt fagleg nivå i skulen. Det føreset gode rammevilkår og god kvalitetssikring av sensorarbeidet.

Norsk Lektorlag meiner:

- 6.1 Det må vere kompetansekrav for sensorar når det gjeld både utdanning og erfaring. Kompetansekrava må svare til krava for å undervise, og ein må ha undervist i faget som skal sensurerast.
- 6.2 Sensorgodtgjersla må hevast til eit nivå som er samanliknbart med honorar gitt til yrkesgrupper med tilsvarende kompetanse.
- 6.3 Tida som er sett av til å sensurere kvart eksamenssvar, må oppjusterast for sentralt gitt skriftleg eksamen.
- 6.4 Det må vere reelle drøftingar og forhandlingar om sensorgodtgjersla i god tid før eksamen.
- 6.5 Informasjon om vilkåra for sensorarbeid må vere lett tilgjengeleg.
- 6.6 Tid må frigjerast for å kunne delta på sensoropplæring og fellessamlingar.

Mål 2: Fornuftig og fleksibel arbeidstid**Verkemiddel 7: Nok tid til sjølvstendig, undervisningsretta arbeid**

Å gi elevane god undervisning er hovudoppgåva til skulen. Skal elevane få undervisning og tilbakemeldingar av høg kvalitet, må lektoren og læraren ha nok tid til sjølvstendig arbeid som krev konsentrasjon og ro. Arbeidstidsavtalen må skjerme tid til undervisning og behovet for sjølvstendig undervisningsretta arbeid til fordel for pålagd felles arbeid.

Norsk Lektorlag meiner:

- 7.1 Autonomien til lektoren må styrkjast.
- 7.2 Tid til sjølvstendig styrt arbeid knytt til undervisning må skjermast.

- 7.3 Fagsamarbeid skal styrast av lærarane og må prioriterast framfor generell skuleutvikling.
- 7.4 Arbeidet og behova til læraren skal styre kvar og når lærarane gjer arbeidet sitt utanom undervisning. Det må vere reell moglegheit for fleksible løysingar.
- 7.5 Det må komme tydeleg fram i avtaleverket til Oslo kommune at undervisning er hovudoppgåva til skulen.
- 7.6 Arbeidsåret til lektoren og læraren må følgje det ordinære skuleåret til elevane. Retten elevane har til meiro opplæring, må ikkje stå i vegen for dette.

Verkemiddel 8: Årsrammesystemet må ta høgd for klassestorleik

Årsrammesystemet blei utarbeidd i ei tid då maksimal klassestorleik var lovfesta. Systemet må ta høgd for klassestorleik, slik at det òg gir ein kompensasjon for større klassar.

Norsk Lektorlag meiner:

- 8.1 Årsrammesystemet må behaldast for å spegle arbeidsmengda i kvart enkelt fag og regulere arbeidsmengda til lærarane.
- 8.2 Storleiken og kompleksiteten til klassen må påverke storleiken på årsramma.
- 8.3 For ungdomsskule og studieførebuande utdanningsprogram må gruppestorleiken ikkje overstige 24 elevar.

Verkemiddel 9: Definer undervisningsomgrepet

Undervisningsomgrepet er ikkje definert. Det fører til ei gråson mellom undervisning og anna elevretta arbeid. Ved å definere omgrepet gjer ein arbeidsoppgåvene tydelegare.

Norsk Lektorlag meiner:

- 9.1 Undervisning er ein lektor eller lærar si opplæring av, og sitt arbeid saman med, elevar, som tek utgangspunkt i læreplanen for faget, er ein del av det pedagogiske opplegget til undervisaren, medfører for- og/eller etterarbeid og danner grunnlag for vurdering i faget.
- 9.2 Lektorar og lærarar som er sette til å undervise etter alle kompetansemåla i eit fag, må rå over alle timane læreplanen for faget legg opp til.
- 9.3 Bruken av «teknisk undertid» skal drøftast med dei tillitsvalde og må ikkje brukast som eit innsparingstiltak eller vikarpool.

Verkemiddel 10: Tidstjuvar må bort

Den viktigaste oppgåva til lektorane er å gi elevane god fagleg undervisning. Derfor skal ikkje arbeidstida stelast av tidstjuvar som hindrar utføringa av denne oppgåva.

Norsk Lektorlag meiner:

- 10.1 Digitale løysingar i skulen må alltid lette arbeidsbyrda til lektorane og lærarane og aldri vere ein tidstjuv.
- 10.2 Lektorane og lærarane skal ha så få rapporteringskrav som mogleg.
- 10.3 Andre yrkesgrupper i skulen må avlaste lektorar og lærarar ved å utføre oppgåver som ikkje er direkte knytte til undervisning. Dei må ikkje gi lærarane ekstra arbeidsoppgåver.

Verkemiddel 11: Skilje mellom skuleslaga

Arbeidskvardagen i vidaregåande, grunnskulen og vaksenopplæringa er ulik. Det er ulikt tal på og ulik storleik på faggrupper eller team, ulikt tal på elevar ein underviser, og ulike behov for oppfølging og kontakt med føresette.

Norsk Lektorlag meiner:

- 11.1 Grunnskulen, vidaregåande skule, vaksenopplæringa og fagskulen treng separate arbeidstidsavtalar.
- 11.2 Arbeidstidsavtalen må ta omsyn til skuleslag og eigenarten i faga, og gi lektoren og læraren nok samanhengande tid til konsentrasjonskrevjande arbeid.

Verkemiddel 12: Rette fysiske rammevilkår

Dei fysiske forholda på skulen skal vere eigna for arbeidsoppgåvene til lektorane og lærarane. Det gjeld òg for arbeid som blir gjort utanfor skulen.

Norsk Lektorlag meiner:

- 12.1 Undervisningspersonalet må disponere gode arbeidsrom og utstyr som lettar arbeidet.

- 12.2 Skulen må ha nok tilgjengelege lokale der lektorar og lærarar kan utføre konsentrasjonskrevjande arbeid.
- 12.3 Arbeidsgivaren må finansiere breiband, mobiltelefon og anna utstyr som blir brukt til arbeidet.
- 12.4 Lektorar og lærarar skal ikkje påleggjast å lage eller samanstille læremiddel sjølve.

Mål 3: Reell medraderett

Verkemiddel 13: Avtalefesta rett til medraderett i Oslo

Oslo kommune er den einaste kommunen i landet der det ikkje er partsrettar for alle lærarorganisasjonar i arbeidstidsavtalen for undervisningspersonalet, eller tariffesta tilgang til viktige medraderettsforum.

Norsk Lektorlag meiner:

- 13.1 Norsk Lektorlag må bli part og få forhandlingsrett i særavtalen med Oslo kommune som gjeld undervisningspersonalet.
- 13.2 Hovudavtalen i Oslo kommune må gi like rettार til medraderett og frikjøp til alle organisasjonar.

Verkemiddel 14: Kompensasjon i ekstraordinære situasjonar

Når samfunnet blir sett i ein ekstraordinær situasjon som gjer at rammevilkåra for undervisning blir endra, tek ikkje arbeidstidsavtalen eller utstyrssituasjonen høgd for dette. Avtaleverket må kompensere for meirarbeid i ekstraordinære situasjonar.

Norsk Lektorlag meiner:

- 14.1 Ved ekstraordinære situasjonar i samfunnet som påverkar arbeidsvilkåra på skulen, skal arbeidsgivaren sørge for at partane så raskt som mogleg kjem saman for å finne gode lokale løysingar.
- 14.2 Ved ekstraordinære situasjonar som krev at lektorar og lærarar må gjere ekstra arbeid eller får meir belastande arbeidssituasjonar, skal dette kompensert med ekstra lønn/avspasering, ein forholdsmessig reduksjon i arbeidsoppgåvene eller ein kombinasjon av desse. Skulen må stille med nødvendig utstyr.
- 14.3 Dersom skulen og skulen sine tilsette får endra rammevilkår for undervisning og/eller vurdering, endra arbeidsplanar eller liknande med mindre enn to veker varsel, må lektorane og lærarane det gjeld, kompensert for meirarbeidet det medfører.

Verkemiddel 15: Reelle drøftingar og forhandlingar lokalt

Der avtalane heimlar drøftings- og forhandlingsrett, må arbeidsgivar respektere og gjennomføre i samsvar med avtaleverket.

Norsk Lektorlag meiner:

- 15.1 Det må sikrast gode tvisteløysingar, både i lønns- og arbeidstidsforhandlingar.
- 15.2 Arbeidsgivar må respektere retten og plikta til drøfting og forhandling i samsvar med hovudavtalen, og setje av nok tid til gjennomføring og førebuingar.

Verkemiddel 16: Kompetente tillitsvalde og arbeidsgivarar

Arbeidsgivaren må leggje til rette for at tillitsvalde får opplæring i relevant lov- og avtaleverk. Det er svært viktig at arbeidsgivaren anerkjenner og prioriterer kunnskap om partssamarbeidet.

Norsk Lektorlag meiner:

- 16.1 Det skal som hovudregel setjast inn vikar i undervisninga når tillitsvalde er på kurs.
- 16.2 Arbeidsgivaren og dei tillitsvalde må jamleg få opplæring i innhaldet i, intensjonane til og praktiseringa av avtaleverket for å sikre eit godt partssamarbeid. Opplæringa må skje både felles og kvar for seg.

Verkemiddel 17: Tid til tillitsvaldarbeid

For at dei tillitsvalde skal kunne utøve rolla si i partssamarbeidet lokalt, må dei få tid og rom til å utføre oppgåvene sine.

Norsk Lektorlag meiner:

- 17.1 Tillitsvalde må få tid og rom til medlemsmøte.
- 17.2 Arbeidsgivaren skal leggje til rette for at tillitsvalde får utføre oppgåvene sine.

17.3 Arbeidsgivaren skal så langt det er mogleg leggje til rette for at tillitsvaldarbeid ikkje går ut over undervisninga.

17.4 Arbeidsgivaren må ta ansvar for at tillitsvalde får nok frikjøp til å utføre oppgåvene sine.